

Årsplan for SFO

Solund barne- og ungdomsskule



2021-2022

Verdigrunnlag

SFO skal byggje praksisen sin på grunnleggjande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og grunnskuleopplæringa.

SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje behovet barna har for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn. Barn har rett til å uttale seg om forhold som gjeld dei, og barnets synspunkt skal vektleggast i samsvar med alder og modning.

Skulefritidsordninga er først og fremst ein del av barnas fritid. Innhaldet i SFO skal bidra til barnas utvikling og meistring og planleggast og organiserast slik at det gir høve for barns medverknad. SFO skal bidra til trivsel og glede gjennom sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn. (Rammeplan for SFO)

Innhaldet, arbeidsformene og det fysiske miljøet i SFO skal støtte opp under barna si lyst til å leike, skape, utforske og meistre. Vi vil legge til rette for ein balanse mellom organiserte, vaksenstyrte aktivitetar og fri leik. Det takast omsyn til det enkelte barnets behov for forutsigbarheit og deltaking. Dei vaksne skal bidra til inkludering og tilrettelegging av aktivitetar for barna, der alle får høve til å vere ein del av fellesskapet og opplever tilhøyrslø og tryggleik. Felles erfaringar og opplevingar er med å støtte opp under vennskap og relasjonar. Ved å delta i fellesskapet får barna øve seg på å tilpasse seg andre, men òg setje eigne grenser og uttrykkje eigne behov. Dei vaksne i SFO skal gje barna støtte til å inkludere andre sine perspektiv, handtere og respektere meiningsbrytningar og usemje, og til å finne felles løysingar.

Lokale verdiar og satsingsområder

- Raus , trygg og omsorgsfull – er dei felles verdiane for oppvekstsektoren i Solund kommune
- Kystkultur /livet i fjæra /sjøvett – Solund er omgitt av sjø, og tradisjonar knytt til dette. Difor er det naturleg at dette er eit fokusområde også i SFO
- Friluftsliv i nærmiljøet
- «Felles barn - felles ansvar» – samarbeid med lokale organisasjonar/institusjonar /nærmiljøet
- SMART-oppvekst – verktøy og metodar frå smart-oppvekst blir og brukt i SFO. (informasjon finn du på smartoppvekst.no eller på skulen si heimesida



Organisering og rom

SFO har base i klasserommet til 2.klasse. I tillegg har vi eit leikerom vi disponerer på barneskulen. Vi brukar garderobeplassane utanfor klasseromma (1. og 2.klasse), og kjøkkenet i myldrerommet ved behov. Onsdagar er det flest som nyttar SFO tilbodet, og i år det 8 barn.

Dei tilsette på SFO

I år er det til saman 4 tilsette på SFO.

- Helene Lien er SFO-leiar og har det organisatoriske og pedagogiske ansvaret saman med rektor. Helene har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar
- Perwin Rashid – fagarbeidar
- Lise Villanger (barne – og ungdomsarbeidar) jobbar ettermiddagar
- Magdalena Piwinska – praksiskandidat

Gunnlaug Olsvoll Røed er rektor og administrativt ansvarleg

I tillegg vil det i periodar vere andre vaksne innom SFO, som ressurspedagog (Sandra Stølen), praksiselevar og studentar.

Dei tilsette på SFO skal vere:

- Gode rollemodellar for barna.
- Omsorgsfulle.
- Tydelege og trygge vaksne.
- Observant og lyttande til det enkelte barn.
- Vaksne som ser kvart enkelt barn i sin eigenart.
- Engasjerte og kunnskapsrike vaksne som deler kunnskap, stimulerer, utviklar og rettleier barna.
- Medvitne eigne haldningar, verdiar og veremåte og reflekterer over eigen praksis
- Leikande og humorfylt: Har evne til å delta på barnas premisser i leik og aktivitetar og støtte og berike leik og humor i kvardagen.

Innhald og arbeidsmåtar i SFO

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med ulikt funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggje til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Sfo skal støtte barnas opplevingar av livsglede, meistring, eigenverd og utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet. Barna skal ha gode vilkår for å medverke i SFO. (Rammeplan for SFO)

Leik

Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. (Rammeplan for SFO)

Det er viktig at barna får høve til fri leik, organisert leik og kvile. Leik inngår i mange typar aktivitetar og det er difor viktig å sjå dette som en del av heile tilbodet.

Solund SFO legg til rette for leik gjennom allsidig aktivitet. Leiken står i fokus. Vi legg vekt på å legge til rette for leik både inne og ute, der målet er at alle skal vere deltakande, kunne møte utfordringar og meistre. Vi skapar rom for både fri leik og organisert leik, og passar på at det og er rom for kvile i løpet av dagen. Medverknad er ein viktig del av tilrettelegginga. Kva barnegruppa er opptatt av og interessert i, er med å lage rammer for leiken i SFO.

SFO har sitt eige skap med leike- og formingsmateriale som barna disponerer fritt. Innhaldet i skapet har barna vore med å valt ut sjølv, og dette kan vi endre på etter behov og interesse. Vi ynskjer å inspirere og engasjere barna til variert leik, både ved å ha eit variert utval av materiale og ved å nytte ulike fysiske rom/rammer. Som blant anna gymsal, skog, fjære, inne og uterom på skulen. Når vi er på tur bruker vi naturen som leikeplass. Vi vil skape rom for både frileik og organiserte leikar og aktivitetar.

Vi vil i år også ha fokus på samarbeidsaktivitetar og SMART-leikar. Dette er organiserte leikar som støttar opp om relasjonsbygging og sosiale ferdigheiter.


Dei vaksne støttar opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, undring og kreativitet. Vaksne skal vere tilstades og delta i leiken.



Fysisk aktivitet og rørsleglede

SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal leggje til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst (Rammeplan for SFO).

Fysisk aktivitet er ei kjelde til helse og trivsel. Variert fysisk aktivitet utviklar barnas fin- og grovmotoriske ferdigheiter. På SFO får barna høve til å bruke kroppen kvar dag i variert aktivitet og leik både ute og inne. Onsdagar er vi ofte ute på tur i nærområdet. Då brukar vi naturen rundt oss som tumleplass. Vi vil leggje til rette for både leik, fysisk aktivitet og friluftaktivitetar.



Bruk av skulen sine fysiske rom og nærmiljø gir mange moglegheiter og rom for utfolding. Vi brukar blant anna gymsalen ein onsdag i månaden på ettermiddagen. Her vil vi og ha fokus på ein balanse mellom fri aktivitet og leik, og vaksenstyrte/organiserte aktivitetar. I Solund er vi så heldig at vi har både sjøen, fjæra, skogen og fjella rundt oss. Dette gir oss store moglegheiter til å nytte desse friluftsområda i SFO-tida.

Dei vaksne på SFO legg vekt på at aktivitetane skal vere allsidige, og at både friluftsliv, idrett/fysisk aktivitet og rolege aktivitetar er ein del av kvardagen. Barna skal motiverast til deltaking i fellesskapet, og vi legg difor til rette for ulike føresetnadar og behov i gruppa. Alle barn skal ha høve til å møte både utfordringar og meistringskjensle.

Mat og måltidsglede

SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO (Rammeplan for SFO).

Vi legg til rette for felles frukost- og lunsjmåltid. Dersom barna skal ete frukost på SFO må dei vere komne innan kl 8.00. Lunsj et vi ca kl 11. Barna må ha med seg eigen matpakke og drikkeflaske. Ein onsdag i månaden lagar vi varmmat/smørelunsj på SFO. Då er barna med å førebur måltidet. Slik kan barna få erfaring med korleis dei sjølv kan lage enkle og sunne måltid, og korleis dei saman med andre kan skape trivelege rammer rundt måltidet.

Vi legg vekt på at måltida skal vere eit felles samlingspunkt, og på den gode samtalen rundt bordet. Dei vaksne et saman med barna. Vi har og fokus på gode rutinar for hygiene og avfallshandtering og formidlar desse til barna.

Vi har i år fleire nasjonalitetar representert i barnegruppa. Mattradisjonar er ulike og difor ynskjer vi å leggje til rette for at barna kan få smake mat frå dei ulike kulturane.



Kultur

Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gi støtte til at barna får skape sine egne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykkje seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa blir representert. (Rammeplan for SFO)

SFO samarbeider tett med skulen, og følgjer opp kulturelle aktivitetar gjennom året. Blant anna lysfestival, blime-dansen, 17.mai og jule og påsketradisjonar.

I kvardagen på SFO har vi fokus på at barna skal ha tilgang på materiale for skapande aktivitetar, som teikning, måling og anna formingsmateriale. Kunst og kultur stimulerer til bruk av fantasi og kreativitet og skaper rom for fellesskap og estetiske opplevingar. I organiserte aktivitetar vil vi vektlegge variasjon i innhald og uttrykk og felles erfaringar innan kulturaktivitetar. Kulturaktivitetar kan vere kunst og handverk, musikk, dans, drama, litteratur og forskjellig barnekultur (som songleikar, rim, reglar og tradisjonsleikar)



Vi nyttar nærmiljøet og ressursane rundt oss. Solund er omgitt av hav og kystkultur. Dette er delar av den lokale kulturen og tradisjonar, som er naturleg å inkludere i SFO sitt arbeid. Det å kunne nytte seg av nærmiljøet og bli kjent med tradisjonar og lokal kultur, gir rom for å skape noko felles og utvikle eit godt miljø for barna, med kulturaktivitetar som er kjente og nære. Vi brukar stiar, strender, og turområder i nærmiljøet, og vi har i tillegg høve til å nytte skulebåten på onsdagar.

SFO har barn frå fleire ulike kulturar og nasjonalitetar. Vi ynskjer å belyse nokre sider ved dei ulike kulturane, som for eksempel matkultur og språk. I tillegg vil vi markere samefolkets dag, og slik gi barna høve til å møte samisk kultur.



Barns medverknad

Prinsippet om barns medverknad er nedfelt i FNs barnekonvensjon. Barns medverknad føreset god kommunikasjon mellom barna og personalet. Innhaldet i SFO planleggast og organiserast slik at det gir høve for barns medverknad. Retten til medverknad er og nedfelt i opplæringslova kapittel 9a om skulemiljø.

Vi arbeider med barns medverknad gjennom blant anna:

- Fleksibilitet i planar
- Ta barnas innspel, føresetnader og behov på alvor i gjennomføring av aktivitetar og planar
- Ta omsyn til interesser og engasjement I gruppa
- Støtte og motivere alle til å delta i fellesskapet
- Barnesamtalar
- Barnemøte ein onsdag i månaden. Barna er med å planlegg og evaluerer planar/arbeid på SFO

Samarbeid i SFO

Omsynet til barnas beste skal liggje til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar. (Rammeplan for SFO)

Samhandling og samarbeid mellom SFO, skule og heim er en viktig faktor for kvalitet i SFO som bidrar til eit heilskapleg perspektiv på barnas oppvekst og utvikling.

- **Samarbeid SFO-heim**

Foreldre/føresette er sentrale samarbeidsaktørar. Vi ynskjer at foreldre skal oppleve at dei får god informasjon, blir lytta til og tatt på alvor.

SFO skal informere føresette om planar og innhald. Kvar haust vil SFO ha eit foreldremøte, med informasjon og dialog med foreldre. Årsplan blir sendt ut per epost /Visma, og kan finnast på skulen si heimeside. Månadsplanar blir utarbeida og sendt til foreldre i byrjinga av kvar månad. Beskjedar og anna informasjon vil bli sendt via sms/telefon.

For å kunne gi eit tilbod med god kvalitet for barn og føresette har SFO og nokre forventingar:

- ✓ At føresette bidrar til eit positivt miljø ved å vere medvitne korleis ein omtaler SFO
- ✓ At føresette gir SFO beskjed om forhold som vil ha betydning for barnets trivsel. Då vil personalet betre kunne følge opp barnet og gi ekstra omsorg om nødvendig.
- ✓ At føresette respekterer opningstida til SFO.
- ✓ Føresette har medansvar for god og riktig kommunikasjon med SFO personalet i t.d. bringe og hentesituasjonar.
- ✓ At ein følgjer med på informasjon frå SFO

- **Samarbeid overgangar**

SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skule og SFO saman med skulen og barnehagen (jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a).

Det er ein fordel om barna får moglegheit til å bli kjend med det fysiske miljøet og personalet i SFO før skolestart. SFO skal støtte barna den første tida for å bidra til at barna opplever tryggleik og tilhøyrsløse (Rammeplan for SFO).

SFO følgjer kommunal plan for overgang barnehage-skule. Vi har faste aktivitetar i samarbeid med førskulegruppa, som blant anna pynting av peparkaker i desember.

I overgang mellom trinn samarbeider SFO med kontaktlærarar ved informasjonsutveksling og oppfølging.

- **Samarbeid med andre institusjonar:**

SFO er ved behov inkludert i samarbeid med relevante verksemder og tenester, som mellom anna helsestasjon og skulehelsetenesta, fastlegen, den pedagogisk-psykologiske tenesta og barnevernet. SFO skal samarbeide med skulen, heimen og med andre tenesteytarar dersom samarbeidet er nødvendig for å gi det enkelte barnet eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. SFO skal delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen til barnet.

Praktisk informasjon

Søknadsprosess, endring av plass og oppsigelse: Søknad om, endring av og oppseiing av SFO-plass skjer elektronisk. Informasjon om søknadsprosess og søknadsskjema finnast på skulen si heimeside

Plasstypar og prisar : Informasjon om plasstypar og prisar finnast på heimesida. Dersom behov for å søke om redusert pris for SFO, ta kontakt med skulen for informasjon.

Dagplassar: Det kan vere mogleg å kjøpe dagplass etter avtale med SFO-ansvarleg.

Søskenmoderasjon: Det vert gjeve søskenmoderasjon i samsvar med barnehagen sine satsar for dette

SFO føl skulen sine ferie og fridagar /planleggingsdagar -Sjå skulerute

Vedtekter for SFO: https://www.hardbakke-skule.no/files/2021/01/0-vedtekter_skulefritidsordning_solund_barne-og_ungdomsskule_l100491.pdf

Klede og utstyr barna treng på SFO

SFO dagen byr på mange aktivitetar med krav til forskjellige klede og utstyr. For at barna skal kunne delta i alle aktivitetane og ha det triveleg og trygt treng barnet:

- Skiftetøy: undertøy, sokker, strømpbukse/stillongs, genser og bukse
- Yttertøy til all slags vær: varmedress, regnjakke, regnbukse og støvler. Varme klede til kalde dagar.
- Matpakke og drikkeflaske
- Sekk/tursekk på onsdagar

Alle klede, sko, matboksar og liknande må merkast med eleven sitt namn.